

Brasilianaren

Johan hadde budd to år i Brasil. Heile familien flytta dit då faren til Johan, som jobba i eit oljeselskap, skulle hjelpe til med å finne olje der. Dei budde i Rio som er ein av dei største byane i Brasil. Johan og systera Eva gjekk på skule der dei berre snakka engelsk. Dei likte seg veldig godt, og tida gjekk fort. Dei fekk vener frå mange land.

I Brasil spelte Johan fotball saman med gutar og jenter frå heile verda. Men aller best likte han å spele mot lag frå Brasil. Då skjønna han kor mykje han hadde å lære. Han kunne bli betre i alt. Han trena nesten kvar dag og blei flinkare til å drible, springe fortare med ballen og skyte hardare.

No skulle dei dra tilbake til Noreg. Johan gleda seg til å møte venene sine igjen og til å vise dei andre i klassen kor god han hadde blitt i fotball.

I det store friminuttet spelte dei fotball. Johan var spent. Mor hadde sagt at dei andre i klassen sikkert også hadde blitt mykje betre på dei to siste åra dei hadde vore borte. Johan fekk ballen på midten av bana. Han såg seg rundt for å sjå om det var nokon han kunne spele ballen til. Nei, alle på laget var bak han. No skulle han vise dei kva han hadde lært. Han sprang mot målet, finta vekk to gutar og skaut ballen hardt i mål. Dei andre på laget jubla, og Johan var veldig stolt. Han heva begge hendene i vêret og dansa rundt som han hadde sett brasilianarane gjere når dei skåra mål. Frå den dagen blei han berre kalla brasilianaren.

I Brasil er fotball den største sporten, og landet er kjent for alltid å ha gode fotballag. To gonger har Noreg slått Brasil. Det er alle i Noreg stolte av.